



Kjell Rune Melingen
Dolvikhaugene 88
5252 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3561 - 15/33477

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
02.11.2015

Revidert utslippsløyve - Gbnr 40/15 og 40/16 Hodneland

Lindås kommune gjev utsleppsløyve for sanitært avlaupsvatn for fritidsbustad på **gnr. 40 bnr. 15 og bnr. 16**. Dette vedtaket erstatter vedtak av 17.08.2015.

Løyvet gjeld utslepp via minireinseanlegg til bekk med heilårsvassføring. Løyve er gitt på bakgrunn av dei opplysningar som følgjar av søknad journalført 03.06.2015. Sist mottekne dokument i saka (erklæring) er journalført den 17.08.2015. Vedtaket er fatta med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

- Avløpsvatnet skal reinsast med prefabrikkert biologisk og kjemisk minireinseanlegg. Etter reinsing skal avløpsvatnet føres via kum til godkjent etterpoleringsanlegg på eigen eigedom før det går det gjennom tett leidning til vassdrag med heilårsvassføring.
- Oppheving av serviceavtale medfører bortfall av løyve.
- Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området.
- Utsleppet skal til einkvar tid tilfredsstillende krava i forskrift om forureining §§ 12-7 til 12-13 og som skildra i søknaden. Utsleppsanlegget skal dimensjonerast, byggast, drivast og vedlikehaldast slik at det har tilstrekkelig yteevne.
- De vert hermed gjort kjent med at eigaren av avlaupsanlegg er ansvarleg for at anlegget vert drive og vedlikehalda slik at krava i utslippsløyvet vert fylgt.
- Vi føreset at eksisterande private felleisleidningar er tette og inntakte, og har tilstrekkelig kapasitet.
- Oppheving av serviceavtale medfører bortfall av løyve.
- Eigar av gnr. 40 bnr. 16 vil måtte søke om tilknytning til godkjent slamavskiljar på bnr. 15 etter plan- og bygningslova dersom det vert aktuelt seinare. Tilkopling må skje innan 3 år elles fell utslippsløyve for denne eigedomen bort.

Saksutgreiing:

Det er søkt om utsleppsløyve i samband med installering av vassklosett til **eksisterande fritidsbustader (2 stk.)**.



Løyve er revidert etter møte med eigar av bnr. 16. Kommunen meldte frå om at bnr. 16 ikkje hadde signert under nokon av søknadene som kommunen hadde motteke i samband med utslippsanlegget. Kommunen blei bedt om å revidere løyvet til å også omfatte hans eigedom i samsvar med søknaden. Vi forstår samtalen dithen at bnr. 15 hadde fullmakt til å signere på bnr. 16 sine vegne sjølv om dette ikkje låg med.

Sakshandsaming:

Handsaming av søknad om utslepp må skje både i etter plan- og bygningslova (pbl) og etter forureiningslova. Mindre avløpsanlegg er søknadspliktig etter pbl § 20-1 a eller b og utførande personell må ha naudsynt avløpskompetanse.

Det er sendt inn særskilt **søknad om tiltak etter pbl § 20-3 for bnr. 15**. I skriv datert 26.05.2015 frå Jan Erik Helland går det fram at «Eigedom 40/16 vil pdd ikkje koble seg til, men ha mulighet til dette ved en senere anledning».

Nabotilhøve

Nabovarsel er sendt ut. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

Plangrunnlag:

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen for Lindås kommune. Legging av leidningar i grunnen i LNFR-område eller i strandsona er søknadspliktig, og dersom tiltaket kjem i strid med arealføremålet eller vil vanskeliggjere gjennomføringa av planen, eller kjem i strid med dei omsyn som ligger bak strandsonevernet, vil tiltaket kreve dispensasjon.

Ved godkjenning av bygg vert kummer, stikkleidning mv. på eige eigedom, som er plassert i direkte tilknytning til bygningen ikkje krevje eige løyve eller dispensasjon, då vi ser at desse tiltaka er ein del av godkjenning for bygget. Dersom slike tiltak ikkje vert søkt om samtidig som bygget vert dei handsama i eige sak. Dersom leidningane vert lagt i grunnen på ein slik måte som ikkje vil gi varige sår i terrenget eller vanskeleggjere gjennomføringa av planen, er ikkje dispensasjon naudsynt. Det er difor viktig at ein i søknaden dokumenterer at tiltaket er i samsvar med plan, gjerne gjennom snitt som viser plassering av røyr og anlegg i grunnen.

- Det vil t.d. vere tilfelle der leidningane vert lagt i ein veg, eller på dyrka mark så langt ned i grunnen at det ikkje vanskeliggjer landbruksdrifta.
- Dersom leidninga på dyrkbar mark har forbindelse med overflaten, men ellers ikke gir spor, t.d. kummer og liknande, vil tiltaket i sin heilskap krevje dispensasjon.
- Dispensasjon vil også vere påkrevd dersom legging av leidningar fører til varige sår eller arr i naturen, herunder åpningar i vegetasjonen.

I dette tilfelle har kommunen vore i kontakt med ansvarleg søkjar, og vi har kome fram til at tiltaket krev dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen (LNFR). Dispensasjonssøknaden vert handsama saman med byggesøknaden. Dette til orientering.

Tilknytning til etablert kloakkanlegg:

Det er lagt fram erklæring om tilknytingsrett til eksisterande leidning/kum.

Felles vass- og avløpssystem

Eigedomane skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området. Kommunen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på summen skal fastsetjast av kommunen.

Resipient og brukarinteresser

Resipienten har god kapasitet med stor vassutskifting og etablering av dette utsleppet vurderast å medføre minimale forureiningsmessige ulemper. Det er ikkje registrert brukarinteresser.

Reinsing

Avløpsvatnet skal reinsast i samsvar med forskriftskrav.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
17.2.3	2	11.200
Frådrag for tidlegare innbetalt beløp:		5.600
Totalt å betale:		5.600

Gebyr for kartbasis/dispensasjon vert ilagt ved handsaming av innsendt søknad etter plan- og bygningslova.

Frist

Er arbeidet ikkje sett i gang innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeida innstilt i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kjell Rune Melingen

Dolvikhaugene 88 5252

SØREIDGREND